



Kvinnherad Turlag
v/Styreleiar Anne Kari W. Enes
Bogsnes 61
5460 Husnes

Husnes, 01.10.13

NVE
Konsesjonsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Småkraftutbyggingar i Kvinnherad 2013

TILLEGG TIL HØYRINGSFRÅSEGNER FRÅ KVINNHERAD TURLAG

Vi viser til vår fråsegn datert 15.07.2013 om 13 småkraftverk i "Folgefonnapakken" og til slutt-synfaringar i regi av NVE i samband med omsøkt småkraftutbygging av Eikeelva, Børsdalseva og Valevassdraget i dagane 24.-26.september i år.

Representantane frå NVE bad høyringspartane om å gje skriftleg uttrykk for nye moment som kom opp under synfaringane. Det var vanleg at ein vart merksam på nye sider ved utbygginga når ein såg terreng og planar i samanheng. Vi vil tru at følgjande moment bør koma fram:

Eikeelva: *Det må til svært store gravearbeid for å føra fram røyr frå demningen og nedover, særleg dei første hundre metrane der ein morenehaug stengjer for traseen, og der det må gravast/sprengjast i minst ti meters djupn. Dette inngrepet vil sjølvsagt vera svært synleg i anleggsperioden, men det skal mykje til om det ikkje også vil gje varige endringar i landskapet.*

Børsdalseva: *Utbyggjaren melder at det ikkje er aktuelt med tunnel dei første hundre metrane nedstraums demningen i Fagerdalsvatnet. Det må såleis setjast opp taubane og gjerast store grave- og sprengingsarbeid i bratt terreng med innslag av grov steinur, nokre stader i ur med bratt helling. Det må også sprengjast trase for vassrøyret i bratte skrentar med fast fjell. Dette vil måtta setja varige spor. Inngrepa vil nok verta lite synlege frå dalbotnen i Uskedalen, men viss ein i framtida går inn i sjølv Børsdalen eller ser ned mot dalen frå den mykje brukte T-stien (eller ved små avstikkarar frå stien) til Ulvanoso, vil endringane vera tydelege. Reguleringa av Fagerdalsvatnet (5m) vert dessutan svært synleg frå Fagerskar (T-sti frå Utåker) og lia mellom Fagerdalsvatnet og Kvanngrovvatnet. Det nye utlaupet (sprengd/graven kanal) frå Kvanngrovvatnet vil ein kunna sjå frå nordvestsida, frå*

den T-merka stien Tveitedalen - Englafjell. Inngrepa i INON-området vil verta sterkare enn tidlegare medrekna, slik vi ser det.

Overføringa av Sitautevatnet: *Uheldige verknader for friluftsjnteresser som fiske og turgåing etter ei eventuell utbygging er sterkt underkommuniserte i utbyggingssøknaden. Godt fiske i Sitautevatnet kan øydeleggjast av tørrlegging av gytebekker mellom vatnet og noverande utlaup nedover til småvatn på Børsdal-sida. Tilslamming etter deponi av steinmassar og avsig frå boreslam kan truga fisket i Småstølvatnet. Utbygginga gjev svært lite straum i høve til tap av INON-område og forringing av tilhøva for fiske og friluftsliv.*

Med helsing

For styret i Kvinnherad Turlag

Anne Kari W. Enes
Styreleiar

Hermund Fenne
turleiar og tillitsvald i Dugnadsgruppa